



Sogn og Fjordane Folkemusikklag

REFERAT ÅRSMØTE 2017

Naustedalen skule, 2. april

Kl. 12:00 – 14:00

SAK 1: VAL AV MØTELEIAR, REFERENT OG TO TIL Å SKRIVE UNDER MØTEBOKA

Møteleiar: Knut David Hustveit

Referent: Ingrid Heieren

To til å skrive under: Leif Erik Stuhaug og Elling Sølvsberg

SAK 2: NAMNEOPPROP

Spelemannslaget Fjelljom

Indre Sunnfjord Spelemannslag

Dalsfjorden Spelemannslag

Naustedalen Spelemannslag

Gamlebanken Spelemannslag

Jostedal spel- og dansarlag

FolkOrg

Valnemnd

Gjester

Styret

Administrasjon

Dag Vanberg, Elling Sølvsberg

Knut Sandal

Peter Kåre Igelkjøn

Signe Mehl, Anita Skildheim, Rigmor Bjørkedal

Leif Erik Stuhaug

Johannes Kjos

Øygun Kjos

Øyvind Sandum

Terje Rune Vie

Linda Gytri, Ingrid Buvarp Aardal

Antonia Karete Haugen Kongsvik, Knut David Hustveit, Aud Sissel

Orheim, Sølvi Lien, Norill Terese Norheim

Ingrid Heieren

SAK 3: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkalling slik den ligg føre.

Årsmøte godkjenner sakliste slik den ligg føre.

SAK 4: ÅRSMELDING 2016

Styreleiar la fram årsmeldinga for 2016.

Merknader:

- *Smørbutikkpleien 2016, riktig arr.stad er Kjølisdalen (ikkje Jostedal)*
- *Vandrepremier: frå 2014 vert dei oppsett av Sogn og Fjordane Folkemusikklag.*
- *Dansekurs under Mokurset: oppsett instruktør var Anna Gjendem (ikkje Silja Solvang) *kurset vart ikkje halde.*
- *Sjå over punktet som omhandlar fylkesmusikarane.*
- *Landsfestivalen og resultat frå fylket: Johannes Kjos deltok i open klasse med «Senior og seniorita».*
- *Landsfestivalen – 30-års jubileum, attende i vertsfylket*
- *Eid Spelemannslag hadde plateslepp i Gaupne; «Med nye takter»*
- *Britt Pernille Frøholm gav ut plate med gruppa Boreas; «Ahoy Hoy»*
- *Under avsnitt om munnspelkurset ta med informasjon om munnspelorganisasjonen*
- *Arrangementet «Aftan på Ålhus», 12. februar*
- *Jeremiasfestivalen- 5-års jubileum, markert med tretrinnsrakett*
- *Førdefestivalen – utvide punktet med meir informasjon om festivalen*
- *Sjå over sponsorane til folkemusikklaget*

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga med dei merknadane som er kome til.

SAK 5: REKNESKAP 2016

Dagleg leiar la fram rekneskapan for 2016 og las opp revisjonsmelding frå revisor Jan Ove Lotsberg.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapan slik den ligg føre.

SAK 6: ARBEIDSPROGRAM 2015-2018 OG AKTIVITETSPLAN 2017

Merknad og kommentarar til kulturplanen:

- *Kjartan Naustdal ønskjer større fokus på bygdedans som sosial dans, og vil ha dans under tevlingane i bygdedans, slik som Landsfestivalen har med runddans.*
- *Signe Mehl støttar Kjartan sitt forslag og vil at det skal jobbast vidare med.*
- *Ingrid Buvarp Aardal sa at ein kan sjå det i samanheng med manglande påmelding til dansekurset på Mokurset.*
- *Johannes Kjos kom med eit innspel om at folkemusikklaget bør presse kulturskulane til å ha eit folkemusikk- og –dansenstilbod. Det vart spurt om deltakarane i spel på Mokurset også får danseundervisning – dagleg leiar svarte at det får dei.*
- *Dagleg leiar informerte om distriktsmusikarstillingane og at folkemusikklaget er med i ei gruppe som ser på gode løysingar, saman med interesserte kulturskular i fylket.*
- *Linda Gytri lurte på kva folkemusikklaget gjer opp mot kulturskulane, og styreleiar informerte om at det vert sendt ut informasjon om Smørbukkappleik og Mokurset til alle kulturskular.*
- *Dag Vanberg spurte om kva folkemusikklaget gjer for rekruttering av song i fylket. Styreleiar svarte at det årleg er songkurs under Mokurset og at det er nokre stader i fylket med god rekruttering.*
- *Johannes Kjos spurte om lovverket i kulturskulen seier noko om at ein skal ha tilbod om folkemusikk og folkedans i kommunane– folkemusikklaget sjekka opp i det. Det vart oppmoda om at folkemusikklaget skulle jobbe med dette. (Kulturskulen har inga lov om tilbod i folkemusikk og folkedans).*
- *Det kom opp spm om kva ein gjer på arkivkurs. Styreleiar og dagleg leiar fortalte om korleis arkivkurset hittil har vore gjennomført. Der fekk ein svar på korleis hente ut arkivmateriale, korleis nytte det, rettigheter, innsamling i regi av arkivar, men også oppmoding om å gjere det sjølve. Deltakarane fekk omvisning i arkivbunkeren, og fekk leite seg fram perler i databasen, med god hjelp frå arkivar på korleis finne det du er på utkik etter.*

Merknad og kommentarar til aktivitetsplan:

- *Johannes Kjos spurte om fylkeslaget kan hjelpe til med sponing av reise for rekruttar til landsfestival/landskappleik. Styreleiar svarte at folkemusikklaget ikkje har avsett midlar til det, og får heller ikkje midlar frå for eksempel Frifond til slikt.*
- *Informasjon om punktet «Rekrutteringsprosjekt i Sogn og Fjordane». FolkOrg har sett i gong ei ny rekrutteringssatsing i samarbeid med Dextra Musica. FolkOrg skal fordele 500 000 kr til fem ulike rekrutteringsprosjekt i landet, og desse midlane søker folkemusikklaget på, med frist 15. april, med oppstart til hausten. Dagleg leiar informerte kort om prosjektmodellen folkemusikklaget søker pengar om: fire helgesamlingar for ungdom gjennom eitt år i Sogn, Nordfjord, Sunnfjord, i samarbeid med lokallag; instruksjon på instrument/dans, dansefest på tvers av generasjonar, rekruttering av nye lokale ungdommar. Lokale tradisjonar er fokus på kvar helgesamling. Prosjektet vert ei vidareføring av Mokurset.*
- *Aud Sissel Orheim oppmoda lokallag å søke eigne midlar til slike helgesamlingar, også om folkemusikklaget ikkje får tilslag på denne stønaden, slik at ungdomane får sosiale møtestadar.*
- *Øyvind Sandum frå FolkOrg informerte også om den nye rekrutteringsordninga, og kommenterte at det nok vert rift om midlane. Oppmoda alle lokallag også om å søke stønad i den andre støtteordninga til rekruttering med frist 20. mai, og støtta oppmodinga frå Aud Sissel om at lokallag sjølve kan gjere mykje.*
- *Linda Gytri oppmoda om å legge samlingane med kulturskulen sin «Laurdagsskule» slik at ein ikkje vert skjerna frå resten av kulturskulen. (Det vart opplyst i seinare tid at «Laurdagsskulen» ikkje er i drift pga økonomi).*
- *Signe Mehl poengterte at det var viktig å klarere i prosjektet kva ein forventar av lokallag og innsats frå ressurspersonar/instruktørar.*
- *Johannes Kjos foreslo at kvart lokallag stiller med eigen leiar for ungdomane som kan vere reiseleiar, køyre dei til helgesamling, og vere tilstade under kvar helgesamling.*
- *Merknad: Leiar møte under VK-17: med Hordaland, Møre og Romsdal og Rogaland*

- Johannes Kjos spurte om det er noko dekking av reise/kursavgift for deltakarar på dommarseminaret, i regi av folkemusikklaget. Det vart informert om at det ikkje er det, men ein veit at fleire lokallag dekker utgifter som dette for sine representantar.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner program og aktivitetsplan med dei merknadane som er kome til.

SAK 7: FASTSETJING AV MEDLEMSKONTINGENT FOR 2018

Dagleg leiar la fram forslag til medlemskontingent for 2018.

- Johannes Kjos lurte på om det var mogleg å få til eit familiemedlemsskap i FolkOrg? Øyvind Sandum informerte om at FolkOrg er inne med eit prøveprosjekt på dette på nokre utvalde lokallag, og at om det er vellukka vert det vidareført for alle lokallag.

Vedtak:

Årsmøte godkjenner medlemskontingenten for 2018:

Medlemskontingent for vaksne: kr 80,- Medlemskontingent for born/ungdom (tom det året ein fyller 18 år): kr 30,- Medlemskontingent for lag: kr 800,-

SAK 8: BUDSJETT 2017

Dagleg leiar la fram budsjettet for 2017.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek budsjettet slik det ligg føre.

SAK 9: OPPNEMNING AV REVISOR

Dagleg leiar foreslo Jan-Ove Lotsberg som revisor for 2017.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek oppnemning av Jan Lotsberg som revisor for Sogn og Fjordane Folkemusikklag 2017.

SAK 10: VAL

Valnemnd 2016 har vore Terje Rune Vie, Oddbjørg Ese og Kåre Ottar Tvinnereim. Leiar i valnemnda, Terje Rune Vie, la fram nemnda sine framlegg:

Framlegg til vedtak:

Styrelleiar: Ingrid Buvarp Årdal (ny, for 1 år)

Gjermund Tomasgard (ny, for 2 år)

Norill Norheim (ny, for 2 år)

Elles i styret:

Knut David Hustveit (på val i 2018)

Sølvi Lien (på val i 2018)

Vara vert valde for 1 år.

Framlegg til vedtak:

1. vara: Oddbjørn Skjerdal (ny)
2. vara: Dagfrid Vallestad Brevik (attval)
3. vara: Berner Midthjell (attval)

Det er årsmøtet som kjem med framlegg på valnemnd, som skal veljast for eit år. I praksis vert det valt ein ny person kvart år for å ha kontinuitet i nemnda og leiaren vert oppnemnd utifrå si tid i nemnda.

Framlegg til vedtak:

Oddbjørg Ese (leiar, for 1 år)

Kåre Ottar Tvinnereim (for 2 år)

Leif Erik Stuhaug (ny, for tre år)

Styret fekk fullmakt til å velje utsending(ar) til landsmøtet i FolkOrg.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner innstilling frå valnemnda.

Knut David Hustveit takka Antonia Karete Haugen Kongsvik for hennar tid i styret, som styreleiar i fire år. Aud Sissel Orheim og Arve Bjørn Røneid vart også takka for deira innsats som styremedlem og vara, og får ettersendt blomst og sjokolade då dei ikkje var tilstade under tdelinga.

FolkOrg v/ Øyvind Sandum informerte kort om landsorganisasjonen og arbeidet dei gjer, rekrutteringsstønad med frist 20. april, og om at bladet Folkemusikk kom med i innkjøpsordninga og finst no på alle bibliotek. Nokre viktige datoar for 2017:

- | | |
|----------------------|-----------------------------|
| - 28.-29. april | Landsmøte i FolkOrg i Oslo. |
| - 5. – 9. juli | Landskappleik på Røros |
| - 26. – 30. juli | Landsfestival på Oppdal |
| - 16. – 19. november | Folkelarm i Oslo |

På heimesida, folkorg.no, finn ein medlemsfordelar for medlemmar i FolkOrg, og dei ønskjer gjerne fleire innspel. Momskompensasjon er noko alle lokallag og områdelag kan søke om. Lokallag vart oppmoda om å søke frifondmidlar –både prosjekt- og driftstønad, vaksenopplæringsmidlar.


FolkOrg legg ut informasjon på nett og sender ut nyhendebrev, og tek gjerne imot arrangement-informasjon og nyhende frå lokallag. Øyvind avslutta med å informere om at han no er ute på turné for å treffe alle lokallag, og kjem gjerne att om det er ønskjeleg med informasjon/besøk.

Kommentarar frå årsmøtet:


- Kjartan Naustdal ønskjer at Landsmøtet vert lagt til november/desember
- Rigmor Bjørkedal poengterte at det er langt til Oslo
- Styreweb kom opp som eit tema med feilregistrering; Øyvind informerte om at det er viktig at alle leiarane i laga, som har tilgang, sender årsmøtereferat og rekneskap etter årsmøta sine for at det vert oppdatert.

Siste kommentar i årsmøtet var ei oppmoding frå Kjartan Naustdal om å ha eit kulturelt innslag i møtet.


Årsmøtet slutt ca. kl. 14:00



Referent; Ingrid Heieren



Leif Erik Stuhaug



Elling Sølberg